



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2021.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
57



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Anne Gry Eilertsen
Visepres:	Idar Flø
Styremedlem:	Ove Midtflo
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Oskar Grimstad
Ansv.red.:	Hans Gisle Holstad
Referent:	Johan Ole Brandal

Advent

Så tenner vi et lys i kveld,
vi tenner det for glede.

Det står og skinner for deg selv
og oss som er tilstede.

Så tenner vi et lys i kveld,
vi tenner det for glede,

Så tenner vi to lys i kveld,
to lys for håp og glede.

De står og lyser for seg selv
og oss som er til stede.

Så tenner vi to lys i kveld,
to lys for håp og glede.

Så tenner vi tre lys i kveld,
For lengsel, håp og glede.
De står og lyser for seg selv
og oss som er til stede.
Så tenner vi tre lys i kveld,
tre lys for håp og glede

Vi tenner fire lys i kveld,
Og lar dem brenne ned
For lengsel, glede håp og fred,
Men mest alikevel for fred
På denne lille jord,
hvor menneskene bor

Inger Hagerup

Referat frå Rotarymøte 6. desember 2021.

Møtet starta med songen "La oss leve for kvarandre"

Etter dette hadde presidenten nokre lysingar, der også Karin S Holstad fekk ordet for å informere litt om siste biletet av Terje Fagermo, som klubben i si tid fekk av kunstnaren for å skaffe inntekt til barneheim Antoinette Meo, i Peru.

Dette biletet startar no klubben loddssalg på, og det gjekk rundt ei loddxbok med dette formålet.

Så vart seremonimeisteren kalla fram for å foreta gjenopptaking av Odd Arne Holstad som fullverdig medlem i Hareid Rotary,

Odd Arne har vore med i Hareid Rotary heilt sidan ca 1987-88, men i 2015 valde han å ta eit opphold, på grunn av høgt arbeidspress.

Mykje har endra seg sidan den gong, og Odd Arne er klar for å kome med igjen.

Dette synes klubben er svært kjekt, og han blei yngst hjartelig velkommen tilbake.

President Anne Gry Eilertsen foretok den høgtidelige festinga av Rotary-hjulet på jakkeslaget til Odd Arne..



Hovedprogrammet for denne kvelden måtte dessverre gå ut, eller utsettast, men på kort varsel kom presidenten inn med eit foredrag om Renessansebyen Firenze, i Toscana, Italia.

Firenze er byen som er øvst på lista til Anne Gry, over byar ho gjerne vil tilbake til.

Ho har gjesta byen mange gonger, saman med familien, men også åleine.

Foredraget var krydra med vakre fotografi frå byen, men også litt funfacts, som at byen i lang tid var styrt av den styrrike Medici-familien, som i tillegg til å vere rike også var svært kunstinteresserte.

Utforminga av arkitekturen, katedralane og kunstgalleria ber bod om det.

Elva Arno renn gjennom byen, noko som ga anledning til vakre bruer over elva.

Byen kan føre røtene tilbake meir enn 2000 år.

Vi takkar presidenten for flott foredrag.

Rotarymøte 13.12.21

Dette rotary møtet blei avlyst, pga innstramming i korona reglane.

Referat frå Rotarymøte 20. desember 2021.

Korona reglane er dei same som for ei veke sidan, derfor blei det eit fakkeltog frå Vadbakk- bru til gapahuken ved Grimstadvatnet.

Her heldt soknepresten i Hareid, Lart Hertig-Tangedal andakt, i samband med den foreståande julefeiringa.

Vi takkar presten for at han tok seg tid til å halde denne andakta for oss.

Etter dette var det duka for ei overraskande utdeling av Paul Harris ærespris til Rotarymedlem, Sverre Jarl Ulstein.

Sverre fekk prisen for sitt uthaldande arbeid med Rotary-stien.



Det var Johs Hareide som hadde ideen til Rotarystien og som sette i gang arbeidet som førte til at stien blei ein realitet.

Johs fekk Paul Harris Fellow sin ærespris for dette, i 2008.

Den gongen gjekk stien fram til Grimstadvatnet.

Seinare vart stien ført over Hareidselva, ved Grimstadvatnet, vidare heilt fram til Snipsøyrvatnet.

Johs har flytta til austlandet, men utviklinga av stien har rulla vidare.

Det har kome to nye gapahukar ved stien, skilting og no er ny moderne belysning nesten ferdigstilt.

Her har vore mange dugnadstimer, og mange fortener stor takk for innsatsen.

Ingen har vore så engasjert og uthaldande som Sverre Jarl Ulstein, når det gjeld vidareutvikling, vedlikehald og drift av stien.

Derfor er det veldig fortent at Sverre blir heidra med denne prisen.

Seremonimeister var Johan Ole Brandal, og presidenten, Anne Gry Eilertsen stod for overrekkinga.

Arrangør nemnda hadde ordna med fyr i bålpanna, og det blei servert gløgg og kaker til.

Ei fin avslutning av haust -delen av Rotary-året, til trass for strenge Covid restriksjonar.

Seremonimeister var Johan Ole Brandal, og presidenten, Anne Gry Eilertsen stod for overrekkinga.

Arrangør nemnda hadde ordna med fyr i bålpanna, og det blei servert gløgg og kaker til.

Ei fin avslutning av haust -delen av Rotary-året, til trass for strenge Covid restriksjonar..